


Kva skjer? Me vil gjerne ha tips om stort og smått som hender i Time, Klepp og Hå innan musikk, song, teater, utstillingar og andre arrangement. I privat eller offentleg regi, eller på skular og i barnehagar.

KRINGSSJÅ

Kontakt Jærbladet
e-post: redaksjon@jbl.no,
telefon 51 77 99 00,
vakttelefon 40 007 900, fax 51 48 37 40.
Tips blir honorert med Flax-lodd.



FANTASTISK MATERIALE: Liss Mona Wammer-Pettersen tykkjer pil er eit fantastisk materiale. Ho vil at fleire skal oppdaga det same.

Det er pil i alle variantar heime hjå Liss Mona Wammer-Pettersen på Lye. Ikkje rart at ho har sagt opp jobben som hjelpeleiar og tatt forretringsnamnet Klara Pil.

BRIT ROMSBOTN | tekst og foto
br@jbl.no



FLETTING: «Klara Pil» i gang med å laga eit nytt pilprodukt.



Det går i kursverksemd og storinport av dansk pil i huset i Fjellvegen på Lyefjell. Den frodige hagen er sterkt prega av interessa for pil. Her er korgert, stativ og kremmarhus som mor i huset har laga.

Første korg i 2001

I 2001 fekk Liss Mona Wammer-Pettersen interessa for treslaget pil. Ho støtte på planten på eit økologisk gartneri og kafe ved Lindesnes.

- Det sto eit plastrativ der som eg spunde om eg kunne få kjøpa. Sva-

ret eg fekk, var at eg kunne gå på kurs og læra meg å laga det sjølv. Slik blei det, og eg oppdaga kva fantastisk materiale pilen er. Eg opplevde og at det er noko heilt anna når du har laga tinga sjølv. I 2001 fletta eg mi første korg.

Efter som tida har gått, har interessa berre blitt sterkare.

- Til slutt var det ikkje anna å gjera enn å seia opp jobben og satsa vidare på pil. Det blei rett og slett for travelt å kombinera pilen, tre barn og arbeid som hjelpe-

pleiar. At eg no er i ein situasjon der eg driv for meg sjølv, er nesten vanskeleg å forstå. Eg hadde aldri sett meg sjølv som sjølvstendig næringsdrivande, smiler Wammer-Pettersen, som opprinneleg kjem frå Farsund, men som har budd på Lye sidan 1995.

- Stor hobby

Når Jærbladet møter henne, måndag ettermiddag, har ho halde kurs kvar dag sidan torsdag. Og framleis går det slag i slag, med



SJØLVLAGA: korgar dekorert med sykkelstengar er blant det Liss Mona Wammer-Pettersen har laga.

- Fakta**
- Pli er av saliksleka og er i slekt med selja.
 - Pli har vore brukt til fletting i fleire 1000 år.
 - Arsskota blir nytta i flettinga.
 - Hausstinga skjær om hausten, etter bladfall.
 - Det er og pil som veks vitt.
 - Til utandørs bruk treng ikkje pilen å vera tørka.

Kjelde: Klara Pli



FUGLEMAT: Produkt i pil kan nyttast til mykje, mellom anna til å gje fuglane mat.

kurs både måndag, tysdag og onsdag. Men ho satsar på ein lang sommarferie.

+ Wammer-Pettersen kjøper det meste av pilen frå Danmark. Som regel importerer ho 500 kilo i slengen. Men ho dyrkar og litt sjølv, og ho har sett 1500 stiklingar i leigd jord på Lende.

- I Danmark er pil ein stor hobby, og det er nesten på same måten med pli i Danmark som med strikking her i Norge. Men eg merker tydeleg at stadig fleire her i Norge får interesse for pli. For eit år sidan var det langt færre som kjende til dette produktet, samanlikna med korleis det er no, påpeikar Wammer-Pettersen.

Mykje i hagen

Pli kan nyttast til både bruksting og dekorasjonar. Wammer-Pettersen ser hagen som ein grei måte for å få folk interessert i pli.

- Ein kan laga alt mulig til hagen ved hjelp av pli. Noko anna som er positivt, er at dette er noko som er dekorativt heile året. Eg ser og muligheter for dekorasjonar av bord, scenar og anna ved hjelp av pli. Pli er eit fascinerande og spanande materiale. Ting blir aldri heilt like. Mange ser på pli kun som eit ugras. Men ein må klippa pilen, om ikkje blir det berre ein masse sideskot, forklarar Wammer-Pettersen.



PILSTATIV:
Eit plistativ omlag som dette, var det som vekke interessa for pil hjå Liss Moña Wammer-Pettersen.



LITT EKSTRA: Jærklang har med gjester til sommarkveld i Bryne kyrkje. (Privat foto frå Spor-programmet på Prestveggen i fjor)

Sommarkveld med Jærklang

Inntekta frå Jærklang sin sommarkveld i Bryne kyrkje skal gå til Samemisjonen sitt arbeid på Kola-halvøya.

STEINAR SANDVIK | tekst

ssa@bjli.no

Laurdag kveld inviterer blandakoret Jærklang til eit variert program i Bryne kyrkje. Sirdal blandakor med 20 sangarar og Hanne Fodstad som dirigent er kveldens gjestekor.

- Dei er våre gjester, og vi skal ta godt imot dei og gi dei ei eiga avdeling denne sommarkvelden, seier Oddny Underhaug, dirigent for Jærklang som har om lag 45 sangarar frå heile Time. Det meste av programmet skal imidlertid dei to kora ha saman. Tre av sangane frå forårsars garborgprogram med kantaren «Å hjelp meg du - Arne Garborg i tvil og tru» skrivje av Sigvald Tveit, blir framført.

Den såkalla Blomsterkonsernten i Kleppelunden har i mange år vore ein fast tradisjon i juni.

HALLSTEIN OTNES | tekst og foto

Heilt sidan 1993 har Klepp Hornmusikk hatt for vane å invitera til en gratis fritilfskonsert blant tre og blomar, og no til helga er det klart for ein ny musikkalsk piknik.

På konserten vil korpsset, som for øvrig feinar 50-årsjubileum i år, framføre utdrag frå repertoaret sitt den siste sesongen. Det betyr at musikk både frå Nyttårskonsertane og vårkonserten Viva Cuba vert å høyra i Kleppelunden på sundag.

I tillegg har Hornmusikken fjnvsstarta så vidt på haustrepertoaret, og vil servera smakebitar også frå dette. Som vokalist har korpsset denne gongen fått med seg Hege Kristin Kjærvoll, som er kjend frå mange ulike samanhenger her i distriktet.

Skulekorps

Det blir likevel ikkje berre Klepp Hornmusikk som skal under-

holda i Kleppelunden. Samtlege skulekorps i Klepp er også til stades, og kan by på to urframføringar. Dirigent for Klepp Hornmusikk, Arild Myaaland, er nemleg ein mykje brukt arrangør og komponist i musikklivet i Rogaland, og til konserten på sundag har han skrivje to nye komposisjonar som skulekorpsa skal urframføra.

Den eine, «juniormarsj», skal spelast av aspirantane til skulekorpsa i kommunen, medan hovudverket «Suite for Korps» inneheld fem satsar og skal spelast av dei litt eldre musikantane.

Kola-hjelp
- På slike arrangement ynskjer vi å ha eit prosjekt, fortel Oddny Underhaug. - I år vil vi støtte Samemisjonen sitt arbeid på Kola-halvøy i Russland. Samisjonen sitt arbeid på Kola er organisert i tre delar: diakoni og sosialt arbeid, kulturelt arbeid og kyrkjebygging. Behova er store hos folk som ikkje har mat og som ikkje har råd til å ha varme i husa. I tillegg til matmangel er misbruk av alkohol eit stort problem. Samemisjonen driv mellom anna suppekjøkken i fleire byar. For mange er maten her dei einaste skillege måltida dei får gjennom ein lang vinter. Basen for Samemisjonen sitt arbeid på Kola er i tundraen Lovozero.

- Sommarkvelden skal vere ein kveld der vi kan oppleve fin sang og musikk, drøse, få servert god mat og vere med på allsangen. Men det er og viktig at vi støttar opp og gir eit godt bidrag til arbeidet på Kola-halvøya, seier Oddny Underhaug og legg til at Stein Ingvar Kalviknes, kretssekretær for Stavanger krets av Samemisjonen, vert med og innfører om arbeidet.

Sommarkonsert i det grønne



KLEPPELUNDEN: Klepp Hornmusikk i aksjon under Blomsterkonserten i fjor. Då var det fint ver og mykje folk i Kleppelunden, og alt tyder på at veret blir minst like bra i år.

halda i Kleppelunden. Samtlege skulekorps i Klepp er også til stades, og kan by på to urframføringar. Dirigent for Klepp Hornmusikk, Arild Myaaland, er nemleg ein mykje brukt arrangør og komponist i musikklivet i Rogaland, og til konserten på sundag har han skrivje to nye komposisjonar som skulekorpsa skal urframføra.

Den eine, «juniormarsj», skal spelast av aspirantane til skulekorpsa i kommunen, medan hovudverket «Suite for Korps» inneheld fem satsar og skal spelast av dei litt eldre musikantane. Den eine, «juniormarsj», skal spelast av aspirantane til skulekorpsa i kommunen, medan hovudverket «Suite for Korps» inneheld fem satsar og skal spelast av dei litt eldre musikantane.